



Notat

Dato: 31.10.2014
Arkivsak: 2014/862-19
Saksbehandlar: sigekel

Til: Torbjørn Mjelstad

Frå: Signe Ekeland

Samarbeidsprosjekt om dimensjonering. Fagopplæringskontoret, HSO og YSO

Samarbeidsprosjekt mellom Haugaland og Sunnhordland Opplæringskontor for EL-fag (HSO), Ytre Sunnhordland Opplæringskontor (YSO) og Hordaland Fylkeskommune ved fagopplæringskontoret avd. Stord.

Forslag til korleis ein kan sikre at saksframlegga i politiske saker knytt til dimensjonering av opplæringstilbodet gir tydelig informasjon om og oversikt over tilgong på læreplassar innanfor ulike fagområde.

Bakgrunn

Fylkestinget bad i møte 10.-11-12-2013, sak 87/13 fylkesrådmannen om å syte for følgjande:

- Sikre at saksframlegga i politiske saker knytt til dimensjonering av opplæringstilbodet gir tydelig informasjon om og oversikt over tilgong på læreplassar innanfor ulike fagområde.

Bakgrunnen for vedtaket er forvaltningsrevisjonsrapporten «Fagopplæring i Hordaland Fylkeskommune».

Organisering av samarbeidsprosjektet

Fagopplæringskontoret avdeling Stord har vore prosjektansvarleg. Prosjektet har hatt fire møter. Det er innhenta føremålstenleg informasjon frå opplæringsavdelinga og opplæringskontora.

Under kjem konkrete tilrådingar om forhold som gruppa meiner bør bli implementert i klassesaka.

- A. Årlege dimensjoneringsmøte
- B. Dimensjonering i høve til regionar i Hordaland
- C. Vg3 beredskap
- D. Prosjekt til fordjuping
- E. Informasjonsarbeid
- F. Intensjonsavtalar og inntak av lærlingar

A. Årlege dimensjoneringsmøte

Grappa er kjend med at Rogaland fylkeskommune gjennomfører dimensjoneringsmøte kvar haust. Deltakarar er representantar frå utval for opplæring og helse, opplæringsavdelinga i fylkeskommunen, dei vidaregåande skulane, Y-nemnda, opplæringskontor og bedrifter. HSO deltek på dimensjoneringsmøta i Rogaland og meiner møta har god effekt. HSO har lærlingar geografisk fordelt både i Nord-Rogaland og Sunnhordland.

Innføring av dimensjoneringsmøte i Hordaland kan vera eit nytt føremålstenleg tiltak. Agenda for eit slikt møte skal vera erfaringsutveksling frå dimensjonering av skuleklassar vurdert opp mot formidlingsopptak frå tidligare år. Dette er viktig fordi ein må sjå det fireårige utdanningsløpet under eitt. Dialogen styrkjer partane sin kunnskap om kvarandre. Vidare vil opplæringskontora kunne dele avgjerande informasjon om ordrestabilitet og eventuelle marknadssvingingar kommande år. Konklusjonar frå møtet vil gje forventningsavklaring og større treffsikkerheit. Dimensjoneringsmøtet si tilråding vil vera avgjerande for det vidare arbeidet med saksframlegget til politisk behandling.

Eit døme på god dimensjonering grappa kjenner til og som er resultat av tett dialog og samarbeid over tid: I Sunnhordland treff me godt i dimensjoneringa innan elektrofag. I fleire år har det vore eit godt samarbeid mellom skulane som tilbyr elektrofaga og opplæringskontora og verksemdene som tek inn lærlingar. Elevane som får lærekontrakt er stort sett frå Sunnhordland.

B. Dimensjonering i høve regionar i Hordaland

Generelt kan ein seie at elevar og føresette i dag har ei forventning om læreplass etter toårig skulegong, sjølv om det ikkje er ein lovfesta rett. Forventinga er at det er samsvar mellom skuleklassar og tilgjengelege læreplassar.

Det bør vera samanheng mellom kvar skuleplassane er og kor læreplassane er. Det er ofte eit ynskje at elevane har høve til å bu heime medan dei er under opplæring. Dersom ein likevel vel å oppretthalda klassar i fag/distrikt der det er mangel på læreplassar, må ein rekruttera nye lærebedrifter slik at utdanninga kan fullførast. Ansvarsforholdet i høve dette må vera avklart og operativt. Skulane må bli gitt delansvar i dette arbeidet og at det blir knytt opp mot arbeidet med PTF.

Dersom ein over tid opplever at det er vesentleg færre læreplassar enn skuleplassar må det vere vilje til å leggja ned klassar. Ein bør vurdere om det er føremålstenleg å oppretthalda vg2 og påfølgjande vg3-tilbod eller om ein skal leggja ned tilbodet

I kjole- og draktsyerfaget har det over mange år vore mangel på læreplassar. Dette er eit godt døme på at ein må vurdere om der er føremålstenleg å oppretthalde tilbodet. Eit argument for at dette tilbodet bør oppretthaldas er at fylkeskommunen ønskjer at dei lange handverkstradisjonane faget representeras ikkje skal forsvinne.

Eit anna døme er teknikk og industriell produksjon. Frå 2014 er det 3 klassar i vg2 industriteknologi til saman på Stord vidaregåande skule og Rubbestadnes vidaregåande skule. Dette klassetalet er betre tilpassa den dimensjoneringa fleire hjørnesteinsverksemder har etterspurd i Sunnhordland i fleire år.

C. Vg3-beredskap

Talet på ikkje formidla elevar i Hordaland har vore nokså stabilt gjennom år. Det er dels føreseieleg i kva yrkesfag ein finn dei fleste elevane som ikkje er formidla. Dersom ein ikkje klarer å regulera dette ved betre dimensjonering meiner gruppa det må peikast ut skular som har særskilt ansvar for å tilby vg3-klassar. Vg3-klassar kan og vera eit middel til å møte svingingar i arbeidsmarknaden og gje ungdomen eit tilbod i påvente av at pendelen skal snu igjen. Tilbodet må tidleg på plass, slik at det er føreseieleg både for fagopplæringa og elevane at ein har eit kvalitativt godt tilbod til dei som ikkje får lærekontrakt om hausten. Slik vil fylkeskommunen betre kunne etterleve opplæringslova sine føresetnader om rett til tilbod.

Gruppa finn det samstundes rett å nemne at mange bedrifter er betenkt over å tilsetje fagarbeidarar som har bestått fagprøven etter vg3 i skule. Dei har fått fagbrevet utan kjennskap til arbeidslivet utanfor skulen og krev ofte like mykje opplæring som lærlingane, men til ei heilt anna løn. Gruppa meiner at ein må sjå på heile vg3-opplæringa i skule. I dag er det høg strykprosent blant dei som går opp til fagprøva etter gjennomført vg3 i skule. Elevane må få nok tid til å tileigna seg den kompetansen dei treng for å bestå fagprøven. Opplæringa må vera tilpassa utstyr og arbeidsmetodar som møter dei når dei kjem ut som fagarbeidarar. Det vil gi dei betre innpass på arbeidsmarknaden

D. Prosjekt til fordjuping

Nokre vidaregåande skular vel å ikkje ha elevane ute i bedrift i faget prosjekt til fordjuping (PTF). Dette kan variere frå fag til fag innan same skule. I læreplanen for PTF står det at faget med anna skal brukast til opplæring i kompetansemål frå læreplanane for opplæring i bedrift og/eller Vg3 i skule (der det ikkje er opplæring i bedrift). Gruppa meiner elevane får ei meir tilpassa opplæring innan desse kompetansemåla når dei er ute i bedrift. Dei får høve til å prøve ut interesser og faglege eigneskapar innanfor rammene i arbeidslivet. Bedriftene får bli kjende med elevane som seinare skal søkje læreplass. Faget gir og lokalt arbeidsliv høve til å definere innhaldet i opplæringa i tråd med dei lokale kompetansebehova, jfr rettleiinga frå Utdanningsdirektoratet. Under bedriftsbesøk får fagopplæringa ofte tilbakemeldingar frå bedrifter om at lærlingane deira fyrst har vore hjå verksemda i PTF og etterpå har dei fått tilbod om lærekontrakt. Gruppa meiner at bevisst bruk av PTF vil styrkje kvaliteten i opplæringa og auke rekrutteringa av læreverksemdar.

E. Informasjonsarbeid

For å kunne spreie søkjarmassen betre i formidlingsfasen må kjennskapen til dei ulike lærefaga innan teknikk og industriell produksjon styrkast hos elevane på eit tidligare tidspunkt enn no. Det har til dømes i fleire år vore alt for mange søkjarar til læreplass i industrimekanikarfaget. Ein har kunnskap om at skular generelt tilrår læreplass i industrimekanikarfaget, medan opplæringskontora i liten grad etterspør det. Det blir brukt mykje tid på å få søkjarane til å tenkje annleis og ta i mot læreplass i andre lærefag. Dette «rettar ut» formidlingstala, som elles ville vist ein større formidlingsrestanse i industrimekanikarfaget. Det er vanskelig å få tak i lærlingar som kjenner til aluminiumskonstruksjonsfaget, noko som er ei utfordring for enkelte læreverksemdar.

Ein bør byggje opp om at Hordaland har fleire store regionar som kvar for seg utgjer *ein* arbeidsmarknad, til dømes Sunnhordland. Dette vil gje større rekrutteringsomfang og ungdomane større reell valfridom i høve lærefag og arbeidsstad. Gruppa meiner det er viktig at rådgjevarane i ungdomsskulen, dei vidaregåande skulane, føresette og andre *ikkje* bidrar til å snevre inn søkjeprosessen. Fagopplæringskontoret og bedriftene bør difor styrkje informasjonsarbeidet med meir individretta informasjon til elevane og dei

føresette, både på ungdomstrinnet og i den vidaregåande skulen. Dette som eit tillegg til det informasjonsarbeidet rådgjevarane allereie i dag utfører.

F. Intensjonsavtalar og inntak av lærlingar

Bakgrunnen for å ta inn lærlingar er ulik. Nokon tar inn lærlingar for å rekruttere til bedrifta. Nokon gjer det for å yte samfunnsinnsats. Andre tek berre inn lærlingar dersom dei kjenner lærlingen gjennom andre tilsette eller vedkommande er ein «ungdom frå nærmiljøet».

I arbeidet med intensjonsavtalar sender fagopplæringskontoret forslag til intensjonsavtalar ut til verksemdene/opplæringskontora i desember månad kvart år. Førslått tal på lære plassar er lagt inn. Talet er henta frå gjennomsnittet av lærlingar den konkrete verksemda har hatt dei siste 3 åra. Opplæringskontora meiner at tala i intensjonsavtalen stort sett er reelle, men at det kan vera variasjonar frå år til år.

Grappa føreslår innføring av elektronisk skjema for intensjonsavtalar, der bedrifta sjølv må føra inn tal på lære plassar i dei ulike faga. På den måten vonar ein at verksemdene også meir aktivt gjer ei eiga vurdering, og ikkje berre legg til grunn fagopplæringskontoret sitt forslag.

Stord, oktober 2014

Signe Ekeland og Ragnhild Ravna Skjærvik, fagopplæringskontoret, Nina Hagerup Johannessen, YSO og Jill Thunem (HSO).